# ØRSTA KOMMUNE

## Møteprotokoll

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Kommunestyret |
| **Møtestad:** | Kommunestyresalen |
| **Dato:** | 18.06.2026 |
| **Tid:** | kl 10:00 - 19:00 |

| **Fremmøtte** | **Representerer** | **Funksjon** |
|---|---|---|
| Alexander Riise Olsen | Ap | medlem |
| Frode Emil Vartdal | Ap | medlem |
| Karen Høydal | Ap | medlem |
| Siri Dahl Masdal | Ap | medlem |
| Asgeir Standal | FRP | medlem |
| Eilis-Mari Grinde | FRP | medlem |
| Even Melheim | FRP | medlem |
| Inge Kolås til 16.30 | FRP | medlem |
| Johan Bertel Vartdal | FRP | medlem |
| Odd Magne Vinjevoll | FRP | medlem |
| Tore Thon | FRP | medlem |
| Anne Sølvi Vatne | H | medlem |
| Guttorm Hagen | H | medlem |
| Jahn Christer N. Humberset | H | medlem |
| Per Are Sørheim | H | ordførar |
| Rune Hovde | H | medlem |
| Hjørdis Almelid Vikenes | KrF | medlem |
| Roger Vartdal | KrF | medlem |
| Anne Stine Foldal Aam | SP | medlem |
| Odd Bjarne Bjørdal | SP | medlem |
| Per Ivar Lied | SP | medlem |
| Tove Halse Digernes til 17.30 | SP | varaordførar |
| Yngve Frøland | SP | medlem |
| Magnar Hjertenæs | SV | medlem |
| Marit Aklestad | SV | medlem |
| Synnøve Marie Sætre | SV | medlem |
| Are Folkestad | V | medlem |

| **Forfall** | **Representerer** | **Varamedlem** | **Representerer** |
|---|---|---|---|
| Børge Gundersen | Ap | Ingvild Aasen | Ap |
| Cindy Helen Hoddevik | FRP | Roy-Magne Mo 10.25-17.40 | FRP |
| Hans Olav Myklebust | FRP | Per Olav Sandbakk | FRP |
| Hogne Sveinung Barstad | FRP | Monica Westrum Kipperberg | FRP |
| Inger Sandvik Sundnes | H | Sven Castberg | H |
| John Helge Bjørndal | SP | Cato Engen fra 11.00 | SP |

**Andre som møtte**
Eldar Øye, kommunalsjef teknisk, eigedom og landbruk
Idun Lee Hofset, personalsjef
Ingeborg M. Bjørneset, konsulent politisk sekretariat
Ingrid Åshamar, konsulent politisk sekretariat
Ingunn Gjengedal, kommunalsjef helse, omsorg og velferd
Ingvild S. H. Kjøde, konsulent politisk sekretariat
Jan Inge Bueide, økonomisjef
Pål Einar Brekke, kommunalsjef oppvekst, kultur og inkludering
Thomas Winther Leira, brannsjef

| **Inhabile** | **Sak** | **Følgjene varamedl. møtte** | **Merknad** |
|---|---|---|---|
| Rune Hovde | 59/26 | Terje Koppen, H | |
| Rune Hovde | 85/26 | , | |

## Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel | Arkivsaksnr. |
|---|---|---|
| PS 55/26 | Godkjenning av innkalling og sakliste | 26/8955 |
| SK 03/26 | Spørsmålskvarter | 26/8955 |
| PS 56/26 | Orienteringar | 26/8955 |
| PS 57/26 | Referatsaker | 26/8955 |
| PS 58/26 | Delegerte saker | 26/8955 |
| PS 59/26 | Godkjenning av intensjonsavtale mellom Lefdal Mine Datacenter AS og Ørsta kommune om sal av tomteareal på Melsgjerdet | 26/8862 |
| PS 60/26 | Godkjenning av intensjonsavtale mellom Strandgata 1 AS og Ørsta kommune om sal av Strandgata 1 | 26/8863 |
| PS 61/26 | Årsmelding 2025 | 26/8529 |
| PS 62/26 | Årsrekneskap 2025 | 26/8529 |
| PS 63/26 | Tertialrapport pr. april 2026 | 25/4774 |
| PS 64/26 | Disponering av ekstra avkastning på premiefondet i 2026 | 25/3552 |
| PS 65/26 | Investeringsplan 2027–2036 | 26/8725 |
| PS 66/26 | Samarbeid Volda og Ørsta | 26/8726 |
| PS 67/26 | Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Ørsta kommune. | 26/8639 |
| PS 68/26 | Høyring om "Utgreiing av innsparingtiltak i båt og bilambulansetenesta" | 26/8691 |
| PS 69/26 | Etablering av psykisk helsetilbod for barn og unge i Ørsta kommune | 26/8693 |
| PS 70/26 | Alkoholpolitisk handlingsplan - 2024-2028. Mellombels endra maksimaltid forskjenking av alkohol under fotball-VM 2026. | 26/7669 |
| PS 71/26 | Forskrift om opphevelse av forskrift om skulefritidsordninga for kommunale grunnskular | 26/342 |
| PS 72/26 | Høyring: Forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i 2027 | 26/8890 |
| PS 73/26 | Prosjektrapport - forvaltningsrevisjon "Internkontroll | 26/6683 |
| PS 74/26 | Samarbeid om tilsyn av spreidd avløp på Søre Sunnmøre | 24/5002 |
| PS 75/26 | Val av varabrannsjef - Ørsta brann og redning | 26/8776 |
| PS 76/26 | ROS-, beredskap- og forebyggandeanalyse for Ørsta brann og redning | 26/8105 |
| PS 77/26 | Omdisponering av investeringsmidlar - Vartdal Helsetun kokegryte kjøkken | 26/8802 |
| PS 78/26 | Lokal forskrift om fellingsavgift på hjort - Ørsta kommune | 26/7715 |
| PS 79/26 | Fritak for eigedomsskatt etter § 28 - status | 26/91 |
| PS 80/26 | Oppmoding om å opprette kommunekomitè for TV-aksjonen 2026 | 26/8194 |
| PS 81/26 | Endre dato for kommunestyremøtet i september | 26/8928 |
| PS 82/26 | Interpellasjonar | 26/8955 |
| IP 03/26 | Interpellasjon - Åmbøen og tilbakeføring av areal frå kommunal fyllplass til landbruksjord i produksjon | 26/8132 |
| IP 04/26 | Interpellasjon - Flagging 5. august | 26/8832 |
| PS 83/26 | Grunngjeve spørsmål | 26/8955 |

| | | |
|---|---|---|
| GS 04/26 | Grunngjeve spørsmål - Bekkekvernanlegget ved Skorgeelva - tilsyn og vedlikehald | 26/8707 |
| PS 84/26 | Plan for omstilling | 26/8930 |
| PS 85/26 | Skårelva kraftverk | 26/8955 |

Ørsta, 18.06.2026

Per Are Sørheim
Ordførar

## PS 55/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:**
Innkalling vart godkjent utan merknad.
Sakliste vart godkjent med sak PS 85/26.

**Behandling:**

Innkallinga vart godkjent utan merknad.
Saklista vart godkjent med merknad.

PS 61/26 og PS 62/26 vert debattert samla. 6 minutt taletid til innleiing for kvar gruppeleiar, deretter 3 minutt taletid.
PS 84/26 og 73/26 vert behandla etter PS 63/26

Karen Høydal (AP) fremja forslag om at RS 38/26 og RS 39/26 vart sett som politisk sak, PS 85/26.
Hjørdis Almelid Vikenes (KrF) fremja forslag om at RS 37/26 vert handsama som politisk sak i formannskapet. Vedtatt.

Anne Stine Foldal Aam (SP) og Are Folkestad (V) vart valde til å godkjenne protokollen saman med ordførar.
Alexander Riise Olsen fungerer som varaordførar frå kl 17.30, då Tove Halse Digernes får permisjon.

## PS 56/26 Orienteringar

**Vedtak:**

**Behandling:**

Olav Osvoll, konsernsjef Tussa, orienterte om status og aktivitet i Tussa konsernet.
Olav Sindre Kriken, Strandgata 1, orienterte om planane for Kaihuset.
Ordførar: Statusrapport mai- juni 2026

## PS 57/26 Referatsaker

### Vedtak:
Referatsakene vart tekne til vitende

### Underliggande sak:

| Saksnr. | Tittel |
|---|---|
| 29/26 | Uttale frå statsforvaltaren |
| 30/26 | Skatteinngang pr. mai 2026 |
| 31/26 | Skatteinngang pr. april 2026 |
| 32/26 | Ørsta kommune - kommunal garanti - Ørsta kyrkjelege fellesråd |
| 33/26 | Møteprotokoll - Ørsta kontrollutval - 01.06.2026 |
| 34/26 | Møtebok frå ordinær generalforsamling i Tussa Kraft 29. april 2026 |
| 35/26 | Årsmelding Helsefellesskap - orientering til kommunestyre og helseutval i kommunane |
| 36/26 | Brev til eierne eierkommunene i IKA Møre og Romsdal IKS |
| 37/26 | Høyring - Tilbodsstuktur for vidaregåande opplæring 2027-2030 |
| 38/26 | Konsesjonsvilkår Skårelva kraftverk |
| 39/26 | Skårabakkane - Bevaring av køyrefast underlag |
| 40/26 | Melding om vedtak - Felles beredskapsråd Volda og Ørsta kommunar |
| 41/26 | Melding om vedtak - Behovsanalyse næringsareal |
| 42/26 | Lavterskelbussar til Ørsta og Volda |
| 43/26 | Fellesuttale - Suel Kassembo Søre Sunnmøre |
| 44/26 | Ordføraroppprop rammevilkår og nedbygging HMR |
| 45/26 | Ordføraroppprop for Stad skipstunnel |

### Behandling:

Referatsakene vart tekne til vitende

## PS 58/26 Delegerte saker
Utgår

## PS 59/26 Godkjenning av intensjonsavtale mellom Lefdal Mine Datacenter AS og Ørsta kommune om sal av tomteareal på Melsgjerdet

### Vedtak:
Ørsta kommunestyre godkjenner intensjonsavtalen med Lefdal Mine Datacenter AS, dagsett 27.4. 2026 om kjøp av areal i det kommunale industriområdet Melsgjerdet. Føremålet med avtalen er å legge til rette for etablering av eit datasenter.

Ordføraren får mynde til å signere endeleg avtale om kjøp av grunn, i samsvar med godkjent intensjonsavtale.
Kjøpsavtalen vert lagt fram for kommunestyret for endeleg godkjenning

### Behandling:
**Alternativt vedtak - tid til ein opnare prosess**, foreslått av Marit Aklestad, Sosialistisk Venstreparti
Kommunestyret må ta seg tid til ein opnare prosess, med betre faktagrunnlag, juridisk vurdering av avtaleutkastet og gjennomføring av folkemøte, før vi eventuelt signerer ein intensjonsavtale ila hausten.
**Forslag frå ordføraren**, foreslått av Per Are Sørheim, Høgre
Kjøpsavtalen vert lagt fram for kommunestyret for endeleg godkjenning

Rune Hovde (H) fremja spørsmål om sin gildskap grunna sitt styreverv i Tussa.
**Votering nr 1** - Votering over punkter
**Rune Hovde - Gild:** 8 stemmer (25%) - Ap 1, FRP 7
Stemmer:
Even Melheim (FRP)
Per Olav Sandbakk (FRP)
Monica Westrum Kipperberg (FRP)
Johan Bertel Vartdal (FRP)
Tore Thon (FRP)
Karen Høydal (Ap)
Roy-Magne Mo (FRP)
Inge Kolås (FRP)
**Rune Hovde - Ugild:** 24 stemmer (75%) - Ap 4, FRP 3, H 5, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1
Rune Hovde tredde ifrå. Terje Koppen (H) tok sete som vara for Rune Hovde.

Mats Andersson, CCO Lefdal Mine Datacenter AS, og Jørn Skaane, dagleg leiar i Lefdal Mine Datacenter AS orienterte om selskapet og sine planar på Melsgjerdet.
Olav Osvoll, konsernsjef Tussa, orienterte og svara på spørsmål frå kommunestyret om krafttilgjenge og utbyggingsmoglegheiter.
Eldar Øye, kommunalsjef teknisk, eigedom og landbruk, orienterte om intensjonsavtalen som er framforhandla.

**Votering nr 2** - Votering over forslag
**Alternativt vedtak - tid til ein opnare prosess:** 4 stemmer (12%) - FRP 1, SV 3
Marit Aklestad (SV)
Stemmer:
Marit Aklestad (SV)
Synnøve Marie Sætre (SV)
Odd Magne Vinjevoll (FRP)
Magnar Hjertenæs (SV)
**Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026:** 29 stemmer (88%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 6, V 1

-------------------------------------------
**Votering nr 3** - Votering over forslag
Forslag: **Forslag frå ordføraren**
Per Are Sørheim (H)
**For:** 33 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Tilråding til vedtak:**
Ørsta kommunestyre godkjenner intensjonsavtalen med Lefdal Mine Datacenter AS, dagsett 27.4. 2026 om kjøp av areal i det kommunale industriområdet Melsgjerdet. Føremålet med avtalen er å legge til rette for etablering av eit datasenter.

Ordføraren får mynde til å signere endeleg avtale om kjøp av grunn, i samsvar med godkjent intensjonsavtale.

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet** - 09.06.2026 - 68/26
Ørsta kommunestyre godkjenner intensjonsavtalen med Lefdal Mine Datacenter AS, dagsett 27.4. 2026 om kjøp av areal i det kommunale industriområdet Melsgjerdet. Føremålet med avtalen er å legge til rette for etablering av eit datasenter.

Ordføraren får mynde til å signere endeleg avtale om kjøp av grunn, i samsvar med godkjent intensjonsavtale.

## PS 60/26 Godkjenning av intensjonsavtale mellom Strandgata 1 AS og Ørsta kommune om sal av Strandgata 1

### Vedtak:
Ørsta kommunestyre godkjenner intensjonsavtalen med Strandgata 1 eigedom AS, dagsett 1.6. 2026 om kjøp av eigedomen Strandgata 1 og delar av gnr. 14 bnr. 81, 84, 87 og 130. Føremålet med avtalen er å legge til rette for etablering av eit inovasjons-senter for gründerar, utviklarar og teknologiverksemder.

Ordføraren får mynde til å signere endeleg avtale om kjøp, i samsvar med godkjent intensjonsavtale.

### Behandling:
**Nei til lukket salg av Kaihuse**t, foreslått av Tore Thon, Framstegspartiet
Ørsta kommunestyre godkjenner ikkje intensjonsavtalen med Strandgata 1 eigedom AS, dagsett 1.6. 2026 om kjøp av eigedomen Strandgata 1 og delar av gnr. 14 bnr. 81, 84, 87 og 130.
Det er viktig at Ørsta kommune opptrår forutsigbar, ryddig og transparent overfor innbyggere og næringsliv, og likebehandling er høyt verdsatt. Derav skal alle interessenter få mulighet til å delta i budrunde, og Ørsta kommune sikrer rettferdig tildeling og beste markedspris. Kommunedirketøren får i oppdrag å lyse ut eigedommen til sals ved bruk av megler slik praksis allereie er vedteke og etablert.

**Votering nr 1** - Votering over forslag
**Nei til lukket salg av Kaihuset:** 8 stemmer (24%) - FRP 8
Tore Thon (FRP)
Stemmer:
Monica Westrum Kipperberg (FRP)
Tore Thon (FRP)
Inge Kolås (FRP)
Odd Magne Vinjevoll (FRP)
Eilis-Mari Grinde (FRP)
Asgeir Standal (FRP)
Johan Bertel Vartdal (FRP)
Per Olav Sandbakk (FRP)
**Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026:** 25 stemmer (76%) - Ap 5, FRP 2, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1

**Tilråding til vedtak:**
Ørsta kommunestyre godkjenner intensjonsavtalen med Strandgata 1 eigedom AS, dagsett 1.6. 2026 om kjøp av eigedomen Strandgata 1 og delar av gnr. 14 bnr. 81, 84, 87 og 130. Føremålet med avtalen er å legge til rette for etablering av eit inovasjons-senter for gründerar, utviklarar og teknologiverksemder.

Ordføraren får mynde til å signere endeleg avtale om kjøp, i samsvar med godkjent intensjonsavtale.

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet** - 09.06.2026 - 69/26
Ørsta kommunestyre godkjenner intensjonsavtalen med Strandgata 1 eigedom AS, dagsett 1.6. 2026 om kjøp av eigedomen Strandgata 1 og delar av gnr. 14 bnr. 81, 84, 87 og 130.

Føremålet med avtalen er å legge til rette for etablering av eit inovasjons-senter for gründerar, utviklarar og teknologiverksemder.

Ordføraren får mynde til å signere endeleg avtale om kjøp, i samsvar med godkjent intensjonsavtale.

## PS 61/26 Årsmelding 2025

### Vedtak:
Kommunestyret vedtek årsmeldinga for 2025 slik den ligg føre.

### Behandling:

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026**
**For:** 33 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Kommunestyret vedtek årsmeldinga for 2025 slik den ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 47/26

Kommunestyret vedtek årsmeldinga for 2025 slik den ligg føre.

## PS 62/26 Årsrekneskap 2025

### Vedtak:
- Ørsta kommunestyre vedtek årsrekneskapen for 2025 slik den ligg føre med eit negativt netto driftsresultat på kr 33 088 902,17 og eit meirforbruk på kr 28 957 874,31. Meirforbruket vert dekt inn i 2026 og 2027
- Ørsta kommunestyre vedtek førebels desse budsjettendringane for 2026, resten vert å kome tilbake til i andre saker i løpet av 2026 og i budsjettet for 2027:
    - Rammetilskot (ordinært) vert auka med kr 4 142 000 frå kr 438 992 000 til kr 443 134 000
    - Rammetilskot (inntektsutjamning) vert auka med kr 523 000 frå kr 56 386 000 til kr 56 909 000
    - Samla beløp på kr 4 665 000 i auka inntekter går til å redusere akkumulert meirforbruk
- Det vert ikkje avsett midlar til Disposisjonsfond næring då dette skal reknast av netto driftsresultat over kr 10 mill. i overskot, jf. kommunestyrevedtak i sak 79/23 den 07.09.2023
- Investeringsrekneskapen for 2025 er oppgjort i balanse. Ørsta kommunestyre vedtek rebudsjettering av restmidlar på ikkje fullførte investeringar i 2025 til 2026 der det er behov, jf. oversikt under kapittelet “Investeringar”

### Behandling:

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026**
**For:** 33 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Kommunedirektøren si tilråding:**

- Ørsta kommunestyre vedtek årsrekneskapen for 2025 slik den ligg føre med eit negativt netto driftsresultat på kr 33 088 902,17 og eit meirforbruk på kr 28 957 874,31. Meirforbruket vert dekt inn i 2026 og 2027
- Ørsta kommunestyre vedtek førebels desse budsjettendringane for 2026, resten vert å kome tilbake til i andre saker i løpet av 2026 og i budsjettet for 2027:
    - Rammetilskot (ordinært) vert auka med kr 4 142 000 frå kr 438 992 000 til kr 443 134 000
    - Rammetilskot (inntektsutjamning) vert auka med kr 523 000 frå kr 56 386 000 til kr 56 909 000
    - Samla beløp på kr 4 665 000 i auka inntekter går til å redusere akkumulert meirforbruk
- Det vert ikkje avsett midlar til Disposisjonsfond næring då dette skal reknast av netto driftsresultat over kr 10 mill. i overskot, jf. kommunestyrevedtak i sak 79/23 den 07.09.2023
- Investeringsrekneskapen for 2025 er oppgjort i balanse. Ørsta kommunestyre vedtek rebudsjettering av restmidlar på ikkje fullførte investeringar i 2025 til 2026 der det er behov, jf. oversikt under kapittelet "Investeringar"

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 48/26

- Ørsta kommunestyre vedtek årsrekneskapen for 2025 slik den ligg føre med eit negativt netto driftsresultat på kr 33 088 902,17 og eit meirforbruk på kr 28 957 874,31. Meirforbruket vert dekt inn i 2026 og 2027
- Ørsta kommunestyre vedtek førebels desse budsjettendringane for 2026, resten vert å kome tilbake til i andre saker i løpet av 2026 og i budsjettet for 2027:
    - Rammetilskot (ordinært) vert auka med kr 4 142 000 frå kr 438 992 000 til kr 443 134 000
    - Rammetilskot (inntektsutjamning) vert auka med kr 523 000 frå kr 56 386 000 til kr 56 909 000
    - Samla beløp på kr 4 665 000 i auka inntekter går til å redusere akkumulert meirforbruk
- Det vert ikkje avsett midlar til Disposisjonsfond næring då dette skal reknast av netto driftsresultat over kr 10 mill. i overskot, jf. kommunestyrevedtak i sak 79/23 den 07.09.2023
- Investeringsrekneskapen for 2025 er oppgjort i balanse. Ørsta kommunestyre vedtek rebudsjettering av restmidlar på ikkje fullførte investeringar i 2025 til 2026 der det er behov, jf. oversikt under kapittelet "Investeringar"

## PS 63/26 Tertialrapport pr. april 2026

### Vedtak:

1. Ørsta kommunestyre er svært uroa over kommunen sin økonomiske situasjon. Prognosen i tertialrapporten viser eit meirforbruk ved årsslutt på
- 27 mill i sektor oppvekst, kultur og inkludering (OKI)
- 42 mill innan helse, omsorg og velferd (HOV)
- 5,5 mill for teknisk, eigedom og landbruk

Kommunestyret ber kommunedirektøren straks å iverksetje tiltak i tråd med krava i kommunelova for å sikre at drifta i 2026 ikkje går vesentleg utover vedteke budsjett.
2. Ørsta kommune har ein stor ressurs i sine tilsette som sit på viktig kunnskap og ser forbedringspotensiale kvar einaste dag. Denne kunnskapen må nyttast. Alle tilsette blir invitert til å kome med innsparingsforslag for eiga avdeling/ drift. Innsparingsforslag må kunne leverast anonymt, og gjerast tilgjengeleg for kommunestyret og ålmenta.
3. Kommunestyret vedtek elles tertialrapporten pr. april 2026 med følgjande tekniske budsjettendringar:

- Rammetilskot (inntektsutjamning) vert auka med kr 1 596 000 frå kr 54 790 000 til kr 56 386 000
- Eigedomsskatt vert auka med kr 5 086 000 frå kr 48 600 000 til kr 53 686 000
- Utbyte vert auka med kr 862 000 frå kr 22 300 000 til kr 23 162 000
- Renteutgifter vert redusert med kr 3 940 000 frå kr 88 600 000 til kr 84 660 000
- Samla beløp på kr 11 484 000 i auka inntekter går til å redusere akkumulert meirforbruk

4. Kommunestyret ber kommunedirektøren førebu og starte ein stillingsreduksjon på tilsvarande 15 heile stillingar hausten 2026.

### Behandling:

Alternativ forslag (omformulert formannskapet), foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet
1. Ørsta kommunestyre er svært uroa over kommunen sin økonomiske situasjon. Prognosen i tertialrapporten viser eit meirforbruk ved årsslutt på
- 27 mill i sektor oppvekst, kultur og inkludering (OKI)
- 42 mill innan helse, omsorg og velferd (HOV)
- 5,5 mill for teknisk, eigedom og landbruk

Kommunestyret ber kommunedirektøren straks å iverksetje tiltak i tråd med krava i kommunelova for å sikre at drifta i 2026 ikkje går vesentleg utover vedteke budsjett.
2. Ørsta kommune har ein stor ressurs i sine tilsette som sit på viktig kunnskap og ser forbedringspotensiale kvar einaste dag. Denne kunnskapen må nyttast. Alle tilsette blir invitert til å kome med innsparingsforslag for eiga avdeling/ drift. Innsparingsforslag må kunne leverast anonymt, og gjerast tilgjengeleg for kommunestyret og ålmenta.
3. Kommunestyret vedtek elles tertialrapporten pr. april 2026 med følgjande tekniske budsjettendringar:

- Rammetilskot (inntektsutjamning) vert auka med kr 1 596 000 frå kr 54 790 000 til kr 56 386 000
- Eigedomsskatt vert auka med kr 5 086 000 frå kr 48 600 000 til kr 53 686 000
- Utbyte vert auka med kr 862 000 frå kr 22 300 000 til kr 23 162 000
- Renteutgifter vert redusert med kr 3 940 000 frå kr 88 600 000 til kr 84 660 000
- Samla beløp på kr 11 484 000 i auka inntekter går til å redusere akkumulert meirforbruk

Tilleggspkt 4, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren førebu og starte ein stillingsreduksjon på 15 stillingar hausten 2026.
rev pkt 4, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren førebu og starte ein stillingsreduksjon på tilsvarande 15 heile stillingar hausten 2026.

Rune Hovde (H) bad om gruppemøte.

**Votering nr 1** - Votering over forslag
**Alternativ forslag (omformulert formannskapet):** 31 stemmer (94%) - Ap 4, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1
Per Ivar Lied (SP)
**Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026:** 2 stemmer (6%) - Ap 1, FRP 1
Stemmer:
Even Melheim (FRP)
Ingvild Aasen (Ap)
-------------------------------------------
**Votering nr 2** - Votering over forslag
Forslag: **rev pkt 4**
Per Ivar Lied (SP)
**For:** 32 stemmer (97%) - Ap 4, FRP 10, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1
**Mot:** 1 stemme (3%) - Ap 1
Stemmer:
Ingvild Aasen (Ap)

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Kommunestyret vedtek tertialrapporten pr. april 2026 med følgjande budsjettendringar:

- Rammetilskot (inntektsutjamning) vert auka med kr 1 596 000 frå kr 54 790 000 til kr 56 386 000
- Eigedomsskatt vert auka med kr 5 086 000 frå kr 48 600 000 til kr 53 686 000
- Utbyte vert auka med kr 862 000 frå kr 22 300 000 til kr 23 162 000
- Renteutgifter vert redusert med kr 3 940 000 frå kr 88 600 000 til kr 84 660 000
- Samla beløp på kr 11 484 000 i auka inntekter går til å redusere akkumulert meirforbruk

I tillegg ber kommunestyret om at kommunedirektøren held fram med å redusere meirforbruket resten av året innanfor det som er forsvarleg, lovleg og praktisk mogleg.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 51/26

Kommunestyret vedtek tertialrapporten pr. april 2026 med følgjande budsjettendringar:

- Rammetilskot (inntektsutjamning) vert auka med kr 1 596 000 frå kr 54 790 000 til kr 56 386 000
- Eigedomsskatt vert auka med kr 5 086 000 frå kr 48 600 000 til kr 53 686 000
- Utbyte vert auka med kr 862 000 frå kr 22 300 000 til kr 23 162 000
- Renteutgifter vert redusert med kr 3 940 000 frå kr 88 600 000 til kr 84 660 000
- Samla beløp på kr 11 484 000 i auka inntekter går til å redusere akkumulert meirforbruk

I tillegg ber kommunestyret om at kommunedirektøren held fram med å redusere meirforbruket resten av året innanfor det som er forsvarleg, lovleg og praktisk mogleg.

Ørsta kommune har ein stor og viktig ressurs i sine tilsette.
Tilsette sit på viktig kunnskap og ser forbedringspotensiale kvar einaste dag.
Denne kunnskapen må vi nytte oss av.

Alle tilsette inviterast til å kome med innsparingsforslag for eiga avdeling/drift.
Innsparingsforslag må kunne leverast anonymt.

Alle innsparingsforslag skal gjerast tilgjengeleg for kommunestyret og ålmenta, i usensurert versjon.

Ørsta formannskap er svært bekymra over kommunen sin økonomiske situasjon. Formannskapet veit at kommunedirektøren arbeider med konkrete innsparingsforslag og imøteser plan og forslag til tiltak for
- å møte samla innsparingsbehov på 27 mill på sektor oppvekst, kultur og inkludering (OKI)
- å møte innsparing omstilling helse, omsorg og velferd (HOV) på 38,6 mill
- innsparing teknisk, eigedom og landbruk på 5 mill

Formannskapet ber kommunedirektøren om å kome med forslag til tiltak i tråd med krava i kommunelova og for å sikre at drifta i 2026 ikkje går utover vedteke budsjett. Desse tiltaka kan vere reduksjon i vedtekne investeringar, kutt i talet på stillingar, endringar i tenestetilbod og auka inntekter.

Forslaga vert å legge fram til kommunestyremøtet 18. juni.

## PS 64/26 Disponering av ekstra avkastning på premiefondet i 2026

### Vedtak:

- Årleg minimumsavkastning på om lag 2 % av midlane skal nyttast til betaling av pensjonspremie påfølgjande år
- Avkastning ut over dette utgjer kr 52 956 996 og vert lagt til lukka premiefond saman med tidlegare midlar på kr 160 857 895. Saldo på lukka premiefond vert etter dette kr 213 814 878 og kommunestyret vedtek å bruke av saldoen til å betale ordinær pensjonspremie og reguleringspremie i 2. halvår 2026. Dette fører til at saldo på lukka premiefond vert redusert med om lag kr 89 000 000 til om lag kr 125 000 000

### Behandling:

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026**
**For:** 32 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Kommunedirektøren si tilråding:**

- Årleg minimumsavkastning på om lag 2 % av midlane skal nyttast til betaling av pensjonspremie påfølgjande år
- Avkastning ut over dette utgjer kr 52 956 996 og vert lagt til lukka premiefond saman med tidlegare midlar på kr 160 857 895. Saldo på lukka premiefond vert etter dette kr 213 814 878 og kommunestyret vedtek å bruke av saldoen til å betale ordinær pensjonspremie og reguleringspremie i 2. halvår 2026. Dette fører til at saldo på lukka premiefond vert redusert med om lag kr 89 000 000 til om lag kr 125 000 000

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 49/26

- Årleg minimumsavkastning på om lag 2 % av midlane skal nyttast til betaling av pensjonspremie påfølgjande år
- Avkastning ut over dette utgjer kr 52 956 996 og vert lagt til lukka premiefond saman med tidlegare midlar på kr 160 857 895. Saldo på lukka premiefond vert etter dette kr 213 814 878 og kommunestyret vedtek å bruke av saldoen til å betale ordinær pensjonspremie og reguleringspremie i 2. halvår 2026. Dette fører til at saldo på lukka premiefond vert redusert med om lag kr 89 000 000 til om lag kr 125 000 000

# PS 65/26 Investeringsplan 2027–2036

**Vedtak:**

## Forslag til endring av investeringsplan 2027 - 2036

Ørsta kommune er snart ei Robek kommune og det gir store begrensingar på framtidig låneopptak. Difor foreslår vi her ytterlegare kutt i alle investeringar, og då i hovudsak den delen som ikkje er ein del av sjølvkostområda.

Ørsta kommune har ubrukte lånemidlar som kan nyttast til følgjande definerte prosjekt:

**Investeringar (tal i 1 000 kr) bruk av ubrukte lånemidlar**

| Pri | Ansvar og Prosjektnamn og -nr | 2027 | 2028 | 2029 | 2030 | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Ørsta kulturhus - oppgradering sambruk med Ør | 100 000 | 90 000 | 20 000 | 36 300 | Prosjekt kostnad - mva og gåvemidlar kr 250 000. |
| 1 | D-bygget - kjøp og ombygging (012105) | - | - | - | 33 000 | Del av ØKKS-prosjektet |
| 1 | Gatelys (025901) | 1 000 | 1000 | 1 000 | 1 000 | |
| 1 | Trafikktryggingstiltak (025902) | 2 000 | 2000 | 1 000 | 1 000 | |
| 1 | Holmegata fortau | - | 1500 | - | - | Utbygging i samband ed ny vg.skule |
| 1 | Vikøyrane | 6 000 | - | - | - | Sal av tomt til Alti, sluttinvesteringar |
| 1 | Brudavolltunet - støtte til nybygg (061303) | 2 700 | - | - | - | Ligg i investeringsplanen, delfinansiering |
| 1 | Velle skule - brannsikring | 2 300 | - | - | - | |
| | | 116 027 | 96 528 | 24 029 | 73 330 | 309 914 |

Sjølvkostområda (VA og startlån husbanken) vert avgrensa til maks 45 mil kr i årlege investeringar.

Då Ørsta kommune kom ut av Robek i 2015 vart det utarbeida ein investeringsplan som vi i dag slit med å balansere. Difor bør alle prosjekt etter 2031 vere sjølvfinansiert med 20%, dvs. at ein berre kan låne 80% av totalkostnaden. Dette vil bety ei forskyving av prosjekt som her er ført opp i 2031 og utover.

Investeringsplanen skal nyttast som grunnlag for budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030 som skal vedtakast i desember 2026. Budsjettet for 2027 skal utarbeidast innanfor ei maksimal låneramme på kr 1,65 mrd. ekskl. startlån og sjølvkost.

Parkeringsplassar ved legesenteret og Bakk-Ola-marka (ta i bruk areal som tidlegare er blitt brukt til parkering ved løa) kr 180 000 frå ubrukte lånemidler.

**Behandling:**

Forslag frå Ørsta Høgre, foreslått av Per Are Sørheim, Høgre

## Forslag til endring av investeringsplan 2027 - 2036

Ørsta kommune er snart ei Robek kommune og det gir store begrensingar på framtidig låneopptak. Difor foreslår vi her ytterlegare kutt i alle investeringar, og då i hovudsak den delen som ikkje er ein del av sjølvkostområda.

Ørsta kommune har ubrukte lånemidlar som kan nyttast til følgjande definerte prosjekt:

**Investeringar (tal i 1 000 kr) bruk av ubrukte lånemidlar**

| Pri | Ansvar og Prosjektnamn og -nr | 2027 | 2028 | 2029 | 2030 | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Ørsta kulturhus - oppgradering sam bruk med Ør | 100 000 | 90000 | 20 000 | 36 300 | Prosjekt kostnad - mva og gåvemidlar kr 250 000. |
| 1 | D-bygget - kjøp og ombygging (012105) | - | - | - | 33 000 | Del av ØKKS-prosjektet |
| 1 | Gatelys (025901) | 1 000 | 1000 | 1 000 | 1 000 | |
| 1 | Trafikktryggingstiltak (025902) | 2 000 | 2000 | 1 000 | 1 000 | |
| 1 | Holmegata fortau | - | 1500 | - | - | Utbygging i samband ed ny vg.skule |
| 1 | Vikøyrane | 6 000 | - | - | - | Sal av tomt til Alti, sluttinvesteringar |
| 1 | Brudavolltunet - støtte til nybygg (061303) | 2 700 | - | - | - | Ligg i investeringsplanen, delfinansiering |
| 1 | Velle skule - brannsikring | 2 300 | - | - | - | |
| | | 116 027 | 96528 | 24 029 | 73 330 | 309 914 |

Sjølvkostområda (VA og startlån husbanken) vert avgrensa til maks 45 mil kr i årlege investeringar.

Då Ørsta kommune kom ut av Robek i 2015 vart det utarbeida ein investeringsplan som vi i dag slit med å balansere. Difor bør alle prosjekt etter 2031 vere sjølvfinansiert med 20%, dvs. at ein berre kan låne 80% av totalkostnaden. Dette vil bety ei forskyving av prosjekt som her er ført opp i 2031 og utover.

Investeringsplanen skal nyttast som grunnlag for budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030 som skal vedtakast i desember 2026. Budsjettet for 2027 skal utarbeidast innanfor ei maksimal låneramme på kr 1,65 mrd. ekskl. startlån og sjølvkost.

Vedtak i formannskapet, foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet
Parkeringsplassar ved legesenteret og Bakk-Ola-marka (ta i bruk areal som tidlegare er blitt brukt til parkering ved løa) kr 180 000 frå ubrukte lånemidler.

**Votering nr 1** - Votering over forslag
**Forslag frå Ørsta Høgre:** 32 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1
Per Are Sørheim (H)
**Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026:** 0 stemmer (0%)
--------------------------------------------
**Votering nr 2** - Votering over forslag
Forslag: **Vedtak i formannskapet**
Karen Høydal (Ap)
**For:** 18 stemmer (56%) - Ap 5, FRP 1, H 2, KrF 1, SP 6, SV 2, V 1
**Mot:** 14 stemmer (44%) - FRP 8, H 4, KrF 1, SV 1
Stemmer:
Asgeir Standal (FRP)
Rune Hovde (H)
Per Are Sørheim (H)
Johan Bertel Vartdal (FRP)
Even Melheim (FRP)
Anne Sølvi Vatne (H)
Monica Westrum Kipperberg (FRP)
Per Olav Sandbakk (FRP)
Roger Vartdal (KrF)
Tore Thon (FRP)
Jahn Christer N. Humberset (H)
Eilis-Mari Grinde (FRP)

Marit Aklestad (SV)
Roy-Magne Mo (FRP)

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Ørsta kommunestyre vedtek framlegget til investeringsplan for 2027–2036 slik den ligg føre i vedlegget "Forslag til ny inv.plan 2027-2036".

Investeringsplanen skal nyttast som grunnlag for budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030 som skal vedtakast i desember 2026. Budsjettet for 2027 skal utarbeidast innanfor ei maksimal låneramme på kr 1,65 mrd. ekskl. startlån og sjølvkost.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 50/26

Ørsta kommunestyre vedtek framlegget til investeringsplan for 2027–2036 slik den ligg føre i vedlegget "Forslag til ny inv.plan 2027-2036".

Investeringsplanen skal nyttast som grunnlag for budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030 som skal vedtakast i desember 2026. Budsjettet for 2027 skal utarbeidast innanfor ei maksimal låneramme på kr 1,65 mrd. ekskl. startlån og sjølvkost.

Tiltaket nybygg Brudavolltunet blir flytta frå «ikkje valde tiltak» til prioritert tiltak under Ymse (idrett/kultur/symjehall/rådhus) med kr 2,5 mill i 2027, finansiert av ubrukte lånemidlar.

Parkeringsplassar ved legesenteret og Bakk-Ola-marka (ta i bruk areal som tidlegare er blitt brukt til parkering ved løa) kr 180 000 frå posten oppgradering av kommunale eigedomar. Jf, brev frå legesenteret, vedtak i Levekårsutvalet, innspel frå Aktivitetslaget ved Bakk-Ola-marka, frå leigetakarane på Bakk-Ola-marka og tilsette.

**Verbalforslag (oversending)**
Mange brukar tid til å skrive referat/notat frå ulike møte og samtalar i kommunen. Ved å investere i automatisk transkribering – system som tek opp/lyttar til samtalen og deretter lager automatisk notat – så vil ein frigjere verdifull tid til andre føremål. Sjukehusa nyttar systemet Medbric. Finansiering - Vurdere omprioritering i IKT-investeringar.

# PS 66/26 Samarbeid Volda og Ørsta

## Vedtak:
Kommunane har som mål å styrke samarbeidet om samfunnsutvikling og tenesteyting til felles beste for innbyggjarane våre.
Kommunane skal støtte opp om prosjekt som gir meirverdi og utløyser større potensiale enn det kommunane kan oppnå kvar for seg.

1. Kommunestyret sluttar seg til hovudretninga i arbeidet med utvida interkommunalt samarbeid mellom Ørsta og Volda slik det går fram av saka.
2. Kommunestyret prioriterer vidare arbeid med samarbeidsområda i fase 1:
    a. vaksenopplæring og flyktningetenester
    b. felles lønsfunksjon (utgreiing)
    c. legetenester og samfunnsmedisinske oppgåver
    d. samarbeid om vederlagsutrekning
    e. felles rutinar innan økonomi
3. Foreslåtte samarbeidsområde skal utgreiast nærare i ein konseptfase før det vert fatta endelege vedtak om etablering.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å setje i gang nødvendige forprosjekt og utgreiingar i samarbeid med Volda kommune.
5. Kommunestyret legg til grunn at samarbeid skal bidra til betre kvalitet i tenestene, redusert sårbarheit og meir effektiv ressursbruk over tid

Tilleggspunkt pkt 2 (desse to punkta blir flytta frå fase 2 til fase 1):
- Eigedomsskatt og innfordring
- Skjenkeforvaltning

## Behandling:
Tillegg pkt 2, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet
Tilleggspunkt pkt 2 (desse to punkta blir flytta frå fase 2 til fase 1):
- Eigedomsskatt og innfordring
- Skjenkeforvaltning

Likelydande forslag frå ordførarane i Ørsta og Volda, foreslått av Per Are Sørheim, Høgre
Kommunane har som mål å styrke samarbeidet om samfunnsutvikling og tenesteyting til felles beste for innbyggjarane våre.
Kommunane skal støtte opp om prosjekt som gir meirverdi og utløyser større potensiale enn det kommunane kan oppnå kvar for seg.

1. Kommunestyret sluttar seg til hovudretninga i arbeidet med utvida interkommunalt samarbeid mellom Ørsta og Volda slik det går fram av saka.
2. Kommunestyret prioriterer vidare arbeid med samarbeidsområda i fase 1:
    a. vaksenopplæring og flyktningetenester
    b. felles lønsfunksjon (utgreiing)
    c. legetenester og samfunnsmedisinske oppgåver
    d. samarbeid om vederlagsutrekning
    e. felles rutinar innan økonomi
3. Foreslåtte samarbeidsområde skal utgreiast nærare i ein konseptfase før det vert fatta endelege vedtak om etablering.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å setje i gang nødvendige forprosjekt og utgreiingar i samarbeid med Volda kommune.
5. Kommunestyret legg til grunn at samarbeid skal bidra til betre kvalitet i tenestene, redusert sårbarheit og meir effektiv ressursbruk over tid

**Votering nr 1** - Votering over forslag

**Likelydande forslag frå ordførarane i Ørsta og Volda:** 19 stemmer (59%) - FRP 9, H 6, SV 3, V 1
Per Are Sørheim (H)
**Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026:** 13 stemmer (41%) - Ap 5, KrF 2, SP 6
Stemmer:
Alexander Riise Olsen (Ap)
Anne Stine Foldal Aam (SP)
Tove Halse Digernes (SP)
Frode Emil Vartdal (Ap)
Karen Høydal (Ap)
Hjørdis Almelid Vikenes (KrF)
Siri Dahl Masdal (Ap)
Cato Engen (SP)
Ingvild Aasen (Ap)
Odd Bjarne Bjørdal (SP)
Per Ivar Lied (SP)
Roger Vartdal (KrF)
Yngve Frøland (SP)
--------------------------------------------
**Votering nr 2** - Votering over forslag
Forslag: **Tillegg pkt 2**
Per Ivar Lied (SP)
**For:** 32 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Kommunedirektøren si tilråding:**

1. Kommunestyret sluttar seg til hovudretninga i arbeidet med utvida interkommunalt samarbeid mellom Ørsta og Volda slik det går fram av saka.
2. Kommunestyret prioriterer vidare arbeid med samarbeidsområda i fase 1:
    a. vaksenopplæring og flyktningetenester
    b. felles lønsfunksjon (utgreiing)
    c. legetenester og samfunnsmedisinske oppgåver
    d. samarbeid om vederlagsutrekning
    e. felles rutinar innan økonomi
3. Foreslåtte samarbeidsområde skal utgreiast nærare i ein konseptfase før det vert fatta endelege vedtak om etablering.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å setje i gang nødvendige forprosjekt og utgreiingar i samarbeid med Volda kommune.
5. Kommunestyret legg til grunn at samarbeid skal bidra til betre kvalitet i tenestene, redusert sårbarheit og meir effektiv ressursbruk over tid.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 57/26

1. Kommunestyret sluttar seg til hovudretninga i arbeidet med utvida interkommunalt samarbeid mellom Ørsta og Volda slik det går fram av saka.
2. Kommunestyret prioriterer vidare arbeid med samarbeidsområda i fase 1:
    a. vaksenopplæring og flyktningetenester
    b. felles lønsfunksjon (utgreiing)
    c. legetenester og samfunnsmedisinske oppgåver
    d. samarbeid om vederlagsutrekning
    e. felles rutinar innan økonomi
3. Foreslåtte samarbeidsområde skal utgreiast nærare i ein konseptfase før det vert fatta endelege vedtak om etablering.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å setje i gang nødvendige forprosjekt og utgreiingar i samarbeid med Volda kommune.

5. Kommunestyret legg til grunn at samarbeid skal bidra til betre kvalitet i tenestene, redusert sårbarheit og meir effektiv ressursbruk over tid.

Kommunane bør kunne samarbeide om strategisk viktige påverknadsområde overfor andre samfunnsaktørar, til dømes samferdsel.

## PS 67/26 Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Ørsta kommune.

**Vedtak:**
1.Ørsta kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a  for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :
***Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikksjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.***
***2.*** Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

**Behandling:**

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026**
**For:** 32 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Kommunedirektøren si tilråding:**

1.Ørsta kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a  for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :
***Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikksjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.***
***2.*** Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 54/26

1.Ørsta kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a  for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :
***Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikksjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.***
***2.*** Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

## PS 68/26 Høyring om “Utgreiing av innsparingtiltak i båt og bilambulansetenesta”

### Vedtak:
Kommunestyret vedtek vedlagde høyringsuttale til “Utredning om innsparingstiltak i Båt- og bilambulansetjenesten”.

Tillegg under punktet beredskap: Kommunestyret vil understreke at ambulansehelikopter ikkje kan erstatte lokal beredskap, då tenesta er veravhengig og kan vere opptatt på andre oppdrag. Ørsta har fleire bygder som er avhengig av ferje eller båt for fysisk transport og fleire område med skredutsette vegstrekningar, der beredskap er utsett i dårleg ver. Her bør Helse Møre og Romsdal bidra til sterkare beredskap."

### Behandling:

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026**
**For:** 32 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Formannskapet vedtek vedlagde høyringsuttale til “Utgredning om innsparingstiltak i Båt- og bilambulansetjenesten”

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 60/26

Formannskapet vedtek vedlagde høyringsuttale til “Utredning om innsparingstiltak i Båt- og bilambulansetjenesten”.

Tillegg under punktet beredskap: Formannskapet vil understreke at ambulansehelikopter ikkje kan erstatte lokal beredskap, då tenesta er veravhengig og kan vere opptatt på andre oppdrag. Ørsta har fleire bygder som er avhengig av ferje eller båt for fysisk transport og fleire område med skredutsette vegstrekningar, der beredskap er utsett i dårleg ver. Her bør Helse Møre og Romsdal bidra til sterkare beredskap."

## PS 69/26 Etablering av psykisk helsetilbod for barn og unge i Ørsta kommune

**Vedtak:**
Kommunestyret ber kommunedirektøren om å opprette eit tverrfagleg team med medlemar frå ulike avdelingar/fagområde.

Teamet vert lagt til avdeling Psykisk helse og rus.

Teamet skal i hovudsak ha ansvar for barn/unge som treng meir omfattande helsehjelp (trinn 4 i nasjonal rettleiar).

Kommunen sitt samla tilbod om psykisk helsehjelp skal vere synleg på kommunen sine heimesider og det skal vere lett å finne vegen inn til kommunen sine tilbod.

Det er forventa at teamet skal vere i funksjon seinast i løpet av oktober.

**Oversendingsframlegg**:
CRPD (FN standard for personar med nedsett funksjonsevne) skal ligge til grunn i planarbeidet.
Tenestemottakarar og brukarorganisasjonar må vere inkludert i prosessen og planlegginga på systemnivå (prosjektgruppe/arbeidsgruppe).

### Behandling:

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026**
**For:** 32 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Vedtak:**

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å opprette eit tverrfagleg team med medlemar frå ulike avdelingar/fagområde.

Teamet vert lagt til avdeling Psykisk helse og rus.

Teamet skal i hovudsak ha ansvar for barn/unge som treng meir omfattande helsehjelp (trinn 4 i nasjonal rettleiar).

Kommunen sitt samla tilbod om psykisk helsehjelp skal vere synleg på kommunen sine heimesider og det skal vere lett å finne vegen inn til kommunen sine tilbod.

Det er forventa at teamet skal vere i funksjon seinast løpet av oktober

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 58/26

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å opprette eit tverrfagleg team med medlemar frå ulike avdelingar/fagområde.

Teamet vert lagt til avdeling Psykisk helse og rus.

Teamet skal i hovudsak ha ansvar for barn/unge som treng meir omfattande helsehjelp (trinn 4 i nasjonal rettleiar).

Kommunen sitt samla tilbod om psykisk helsehjelp skal vere synleg på kommunen sine heimesider og det skal vere lett å finne vegen inn til kommunen sine tilbod.

Det er forventa at teamet skal vere i funksjon seinast i løpet av oktober.

**Oversendingsframlegg**:
CRPD (FN standard for personar med nedsett funksjonsevne) skal ligge til grunn i planarbeidet.
Tenestemottakarar og brukarorganisasjonar må vere inkludert i prosessen og planlegginga på systemnivå (prosjektgruppe/arbeidsgruppe).

## PS 70/26 Alkoholpolitisk handlingsplan - 2024-2028. Mellombels endra maksimaltid forskjenking av alkohol under fotball-VM 2026.

### Vedtak:
Kommunestyret har vurdert saksutgreiinga og høyringsinnspela og vedtek med dette å mellombels endre maksimaltida for skjenking av alkohol under fotball-VM 2026.

Endringane vert gjort gjeldande i samsvar med vedlagde framlegg til mellombels endring av kapittel 4.1.2 i alkoholpolitisk handlingsplan for Ørsta kommune.

Krav om å melde inn einskildarrangement i politiet sin nettportal vert å legge til som som vilkår for å få utvida løyve under VM.

### Behandling:
**Alkoholpolitisk handlingsplan**, foreslått av Hjørdis Almelid Vikenes, Kristeleg Folkeparti
Kommunestyret har vurdert saksutgreiinga og høyringsinnspela og vedtek med dette å I**KKJE** mellombels endre maksimaltida for skjenking av alkohol under fotball-VM 2026.

Alexander Riise Olsen (AP) tok sete som varaordførar.

**Votering nr 1** - Votering over forslag
**Alkoholpolitisk handlingsplan:** 8 stemmer (27%) - Ap 2, KrF 2, SP 1, SV 3
Hjørdis Almelid Vikenes (KrF)
Stemmer:
Frode Emil Vartdal (Ap)
Marit Aklestad (SV)
Synnøve Marie Sætre (SV)
Karen Høydal (Ap)
Hjørdis Almelid Vikenes (KrF)
Odd Bjarne Bjørdal (SP)
Roger Vartdal (KrF)
Magnar Hjertenæs (SV)
**Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026:** 22 stemmer (73%) - Ap 3, FRP 8, H 6, SP 4, V 1

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Kommunestyret har vurdert saksutgreiinga og høyringsinnspela og vedtek med dette å mellombels endre maksimaltida for skjenking av alkohol under fotball-VM 2026.
Endringane vert gjort gjeldande i samsvar med vedlagde framlegg til mellombels endring av kapittel 4.1.2 i alkoholpolitisk handlingsplan for Ørsta kommune.

Krav om å melde inn einskildarrangement i politiet sin nettportal vert å legge til som som vilkår for å få utvida løyve under VM.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 67/26
Formannskapet som kommunestyre, jf. kommunelova § 11-8, har vurdert saksutgreiinga og høyringsinnspela og vedtek med dette å mellombels endre maksimaltida for skjenking av alkohol under fotball-VM 2026.

Endringane vert gjort gjeldande i samsvar med vedlagde framlegg til mellombels endring av kapittel 4.1.2 i alkoholpolitisk handlingsplan for Ørsta kommune.

Krav om å melde inn einskildarrangement i politiet sin nettportal vert å legge til som som vilkår for å få utvida løyve under VM.

## PS 71/26 Forskrift om opphevelse av forskrift om skulefritidsordninga for kommunale grunnskular

**Vedtak:**
Ørsta kommunestyre vedtek «Forskrift om oppheving av forskrift om skulefritidsordninga for kommunale grunnskular, Ørsta kommune, Møre og Romsdal» slik ho ligg føre. Sjå vedlegg 1.

**Behandling:**

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Opprinnelig forslag**
**For:** 30 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 8, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Ørsta kommunestyre vedtek «Forskrift om oppheving av forskrift om skulefritidsordninga for kommunale grunnskular, Ørsta kommune, Møre og Romsdal» slik ho ligg føre. Sjå vedlegg 1.

## PS 72/26 Høyring: Forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i 2027

**Vedtak:**
Kommunestyret legg lokal forskrift satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Ørsta kommune for tilskotsåret 2027 ut på høyring med høyringsfrist 18.august 2026.

**Behandling:**

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Opprinnelig forslag**
**For:** 30 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 8, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Kommunestyret legg lokal forskrift satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Ørsta kommune for tilskotsåret 2027 ut på høyring med høyringsfrist 18.august 2026.

## PS 73/26 Prosjektrapport - forvaltningsrevisjon "Internkontroll

### Vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjekt “Internkontroll - Kommunale stønadsordningar” utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon KO, datert 30.03.2026.

Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalinger skal følgjast/utførast:
a. Kommunen skal etablere eit overodna strategidokument ("paraply"- rutine) som gjeld alle tilskotsordningar i tilegg til dei spesifikke rutinane for den enklete ordning etter behov.
b. Kommunen skal opprette evetuelt endre/revidere rutinar/retningslinjer for dei spesifikke ordningane
c. Kommune må legge til rette for føreseielege og lik saksbehandling i alle tilskotsorningar.
d. Kommunen må sikre at krava i rutiner/retningslinjene vert følgde, til dømer ved ettetrkontroll.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 15.08.2026 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp anbefalingane i rapporten, kven som har ansvaret for tiltaka og kva tid tiltaka skal iverksttast.

### Behandling:

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Opprinnelig forslag**
**For:** 32 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Kontrollutvalet si tilråding:**

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjekt “Internkontroll - Kommunale stønadsordningar” utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon KO, datert 30.03.2026.

Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalinger skal følgjast/utførast:
a. Kommunen skal etablere eit overodna strategidokument ("paraply"- rutine) som gjeld alle tilskotsordningar i tilegg til dei spesifikke rutinane for den enklete ordning etter behov.
b. Kommunen skal opprette evetuelt endre/revidere rutinar/retningslinjer for dei spesifikke ordningane
c. Kommune må legge til rette for føreseielege og lik saksbehandling i alle tilskotsorningar.
d. Kommunen må sikre at krava i rutiner/retningslinjene vert følgde, til dømer ved ettetrkontroll.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 15.08.2026 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp anbefalingane i rapporten, kven som har ansvaret for tiltaka og kva tid tiltaka skal iverksttast.

## PS 74/26 Samarbeid om tilsyn av spreidd avløp på Søre Sunnmøre

### Vedtak:
Saka vert utsatt

### Behandling:
**Ikkje deltaking i tilsynssamarbeid spreidd avløp**, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet
Ørsta kommune deltek ikkje i tilsynssamarbeid på Søre Sunnmøre om spreidd avløp
**Nytt punkt 5 frå kommunedirektøren**,
At tilsynssamarbeidet får tilsette inntil 2 personar og gjere innkjøp nausynte for å drive tilsynsaktivitet, herunder også leige av lokale.
**Forslag ordførar**, foreslått av Per Are Sørheim, Høgre
Saka vert utsatt

Ordførar fremja utsetjingsforslag.

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Forslag ordførar**
Per Are Sørheim (H)
**For:** 29 stemmer (97%) - Ap 4, FRP 8, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1
**Mot:** 1 stemme (3%) - Ap 1

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Kommunestyret vedtek
1. å delta i tilsynsasamarbeidet på Søre Sunnmøre. Samarbeidet vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §20-2.
2. samarbeidsavtalen for tilsyn av spredt avløp.
3. å legge Forskrift om gebyrer for saksbehandling og kontroll etter forurensnings-regelverket, Volda kommune, Møre og Romsdal fylke ut til offentleg ettersyn
4. at tilsynssamarbeidet skal vere sjølvkostfinansiert. Alle kostnadar knytt til tilsynsaktivteten skal dermed finansierast av gebyret tilsyn- og søknadsgebyr som tilsynet handsamar.
5. at tilsynssamarbeidet får tilsette 2 personar og gjere innkjøp naudsynte for å drive tilsynsaktivitet, herunder også leige av lokale.
6. å delegere mynde og oppgåver til vertskommunen Volda etter følgjade lovverk og forskrifter, etter kommunelova § 20-2. Administrativt vertskommunesamarbeid, annet ledd:

- Forureingsloven §7, §11, §18, §22 og §48
- Kapittel 12, 13 og 15 i forureingsforskrifta
- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg med unntak av §2 om kommunal overtaking av private avløpsanlegg.
- Plan og bygningsloven §§20-1, 20-2, 21-2, 21-7, 21-4 og 27-2

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 65/26

Kommunestyret vedtek
1. å delta i tilsynsasamarbeidet på Søre Sunnmøre. Samarbeidet vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §20-2.
2. samarbeidsavtalen for tilsyn av spredt avløp.
3. å legge Forskrift om gebyrer for saksbehandling og kontroll etter forurensnings-regelverket, Ørsta kommune, Møre og Romsdal fylke ut til offentleg ettersyn

4. at tilsynssamarbeidet skal vere sjølvkostfinansiert. Alle kostnadar knytt til tilsynsaktivteten skal dermed finansierast av gebyret tilsyn- og søknadsgebyr som tilsynet handsamar.
5. at tilsynssamarbeidet får tilsette 2 personar og gjere innkjøp naudsynte for å drive tilsynsaktivitet, herunder også leige av lokale.
6. å delegere mynde og oppgåver til vertskommunen Volda etter følgjade lovverk og forskrifter, etter kommunelova § 20-2. Administrativt vertskommunesamarbeid, annet ledd:

- Forureingsloven §7, §11, §18, §22 og §48
- Kapittel 12, 13 og 15 i forureingsforskrifta
- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg med unntak av §2 om kommunal overtaking av private avløpsanlegg.
- Plan og bygningsloven §§20-1, 20-2, 21-2, 21-7, 21-4 og 27-2

## PS 75/26 Val av varabrannsjef - Ørsta brann og redning

### Vedtak:
Kommunestyret vedtek at leiar beredskap blir brannsjefen sin stadfortredar, varabrannsjef.

### Behandling:

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026**
**For:** 30 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 8, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Kommunestyret vedtek leiar beredskap, Odd Jarle Engeset, som brannsjefen sin stadfortredar, varabrannsjef.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 55/26

Kommunestyret vedtek at leiar beredskap blir brannsjefen sin stadfortredar, varabrannsjef.

## PS 76/26 ROS-, beredskap- og forebyggandeanalyse for Ørsta brann og redning

### Vedtak:

Ørsta kommunestyre godkjenner ROS-analyse, Beredskapsanalyse og forebyggandeanalyse for Ørsta brann og redning slik dei ligg føre.

**Oversendingsframlegg**

1. Ørsta kommunestyre godkjenner ROS-analyse, beredskapsanalyse og førebyggande analyse for Ørsta brann og redning slik dei ligg føre.
2. Kommunestyret legg til grunn at analysane peikar på fleire forhold knytt til risiko, sårbarheit, kapasitet og framtidige krav som må følgjast opp for å sikre eit forsvarleg brann- og redningsvesen i kommunen.
3. Kommunedirektøren vert beden om å utarbeide ein prioritert tiltaks- og framdriftsplan for oppfølging av tilrådingane i analysane, der tiltak vert vurderte opp mot risiko, lovkrav og kommunen sine økonomiske rammer.
4. Kommunestyret ber om at det vert arbeidd vidare med langsiktig planlegging av framtidig organisering og dimensjonering av Ørsta brann og redning, herunder konsekvensar av framtidige krav til dagkaserne som følgje av folketalsutvikling og endra beredskapsbehov.

### Behandling:

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026**
**For:** 30 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 8, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Ørsta kommunestyre godkjenner ROS-analyse, Beredskapsanalyse og forebyggandeanalyse for Ørsta brann og redning slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 56/26

Ørsta kommunestyre godkjenner ROS-analyse, Beredskapsanalyse og forebyggandeanalyse for Ørsta brann og redning slik dei ligg føre.

**Oversendingsframlegg**

1. Ørsta kommunestyre godkjenner ROS-analyse, beredskapsanalyse og førebyggande analyse for Ørsta brann og redning slik dei ligg føre.
2. Kommunestyret legg til grunn at analysane peikar på fleire forhold knytt til risiko, sårbarheit, kapasitet og framtidige krav som må følgjast opp for å sikre eit forsvarleg brann- og redningsvesen i kommunen.
3. Kommunedirektøren vert beden om å utarbeide ein prioritert tiltaks- og framdriftsplan for oppfølging av tilrådingane i analysane, der tiltak vert vurderte opp mot risiko, lovkrav og kommunen sine økonomiske rammer.
4. Kommunestyret ber om at det vert arbeidd vidare med langsiktig planlegging av framtidig organisering og dimensjonering av Ørsta brann og redning, herunder konsekvensar av framtidige krav til dagkaserne som følgje av folketalsutvikling og endra beredskapsbehov.

## PS 77/26 Omdisponering av investeringsmidlar - Vartdal Helsetun kokegryte kjøkken

**Vedtak:**
Kommunedirektøren rår til at løyvde midlar på kr 213 000 inkl. mva frå prosjekt nr. 053401: Vartdal helsetun – kokegryte kjøkken, vert omdisponert til prosjekt nr. 052112: Bakk-Ola-marka – ymse tilpassingar.
Samla investeringsramme for prosjekt 052112 i 2026 vert etter dette justert til kr 363 000 inkl. mva.

### Behandling:

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026**
**For:** 30 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 8, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Kommunedirektøren rår til at løyvde midlar på kr 213 000 inkl. mva frå prosjekt nr. 053401: Vartdal helsetun – kokegryte kjøkken, vert omdisponert til prosjekt nr. 052112: Bakk-Ola-marka – ymse tilpassingar.
Samla investeringsramme for prosjekt 052112 i 2026 vert etter dette justert til kr 363 000 inkl. mva.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 66/26

Kommunedirektøren rår til at løyvde midlar på kr 213 000 inkl. mva frå prosjekt nr. 053401: Vartdal helsetun – kokegryte kjøkken, vert omdisponert til prosjekt nr. 052112: Bakk-Ola-marka – ymse tilpassingar.
Samla investeringsramme for prosjekt 052112 i 2026 vert etter dette justert til kr 363 000 inkl. mva.

## PS 78/26 Lokal forskrift om fellingsavgift på hjort - Ørsta kommune

### Vedtak:
Ørsta kommunestyre vedtek lokal forskrift om fellingsavgift på hjort med kr 200 for kalv og kr 350 for vaksne dyr, med heimel i ny viltressurslov som trer i kraft 01.07.2026. .

### Behandling:

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026**
**For:** 29 stemmer (97%) - Ap 5, FRP 8, H 6, KrF 2, SP 4, SV 3, V 1
**Mot:** 1 stemme (3%) - SP 1
Stemmer:
Yngve Frøland (SP)

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Ørsta kommunestyre vedtek lokal forskrift om fellingsavgift på hjort med kr 200 for kalv og kr 350 for vaksne dyr, med heimel i ny viltressurslov som trer i kraft 01.07.2026. .

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 59/26

Ørsta kommunestyre vedtek lokal forskrift om fellingsavgift på hjort med kr 200 for kalv og kr 350 for vaksne dyr, med heimel i ny viltressurslov som trer i kraft 01.07.2026. .

## PS 79/26 Fritak for eigedomsskatt etter § 28 - status

### Vedtak:
Ørsta kommunestyre vedtek å oppretthalde retningslinjer for fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 28 slik dei vart vedtekne i 2024:

- Husstandar med ei samla brutto årsinntekt lågare enn 3G (folketrygda sitt grunnbeløp x 3) ved siste skattemelding, kan søke om fritak. Som inntekt reknast løn, pensjonar, renteinntekter, aksjegevinstar mm.
- Bur det fleire enn søkjar i bustaden vil desse vert rekna med som ein del av hustanden og deira bruttoinntekt vert lagt saman med søkjar si brutto inntekt.
- Eventuell inntekt frå leigebuar vert rekna som inntekt for søkar.
- For einslege forsørgarar kan samla brutto årsinntekt vere opptil 3,5G ved siste skattemelding.
- Viss husstanden sine samla bankinnskot er større enn 1G (folketrygda sitt grunnbeløp), vert det ikkje gitt fritak frå eigedomsskatt. Dette gjeld berre for personar over 18 år med inntekt.
- Søkar må sjølv bu på eigedomen.
- Det er ikkje fritak frå eigedomsskatt på fritidsbustadar og sekundærbustadar.
- Retningslinjene skal evaluerast etter eit år for å sjå kva effekt dei har, og kor godt dei treff målgruppa. Det skal spesielt belysast kor mange søknadar som vert innvilga etter individuell vurdering.

Det er mogleg å søke sjølv om desse retningslinjene ikkje er oppfylt.
Søknadar som ikkje oppfyller retningslinene, men som likevel kan oppfylle lova sine vilkår for fritak, vil verte handsama av formannskapet.

Jamfør eigedomsskattelova § 28 så gjeld vedtekne fritak berre for eit år, og det må søkast på nytt kvart år.

**Oversendingsframlegg:**
Ørsta kommunestyre justerer satsane frå 1. januar 2027.
Grensa for fritak vert heva til 4 G, og tilsvarande til 4,5 G for einslege forsørgarar.
Grensa for bankinnskot vert heva til 2 G.

### Behandling:
Justering av satsane frå 1. januar 2027, foreslått av Magnar Hjertenæs, Sosialistisk Venstreparti
Ørsta kommunestyre justerer satsane frå 1. januar 2027.
Grensa for fritak vert heva til 4 G, og tilsvarande til 4,5 G for einslege forsørgarar.
Grensa for bankinnskot vert heva til 2 G.

Forslaget vart gjort om til eit oversendingsframlegg..

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026**
**For:** 30 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 8, H 6, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Ørsta kommunestyre vedtek å oppretthalde retningslinjer for fritak for eigedomsskatt etter eigedomslova § 28 slik dei vart vedtekne i 2024:

- Husstandar med ei samla brutto årsinntekt lågare enn 3G (folketrygda sitt grunnbeløp x 3) ved siste skattemelding, kan søke om fritak. Som inntekt reknast løn, pensjonar, renteinntekter, aksjegevinstar mm.
- Bur det fleire enn søkjar i bustaden vil desse vert rekna med som ein del av hustanden og deira bruttoinntekt vert lagt saman med søkjar si brutto inntekt.
- Eventuell inntekt frå leigebuar vert rekna som inntekt for søkar.
- For einslege forsørgarar kan samla brutto årsinntekt vere opptil 3,5G ved siste skattemelding.
- Viss husstanden sine samla bankinnskot er større enn 1G (folketrygda sitt grunnbeløp), vert det ikkje gitt fritak frå eigedomsskatt. Dette gjeld berre for personar over 18 år med inntekt.
- Søkar må sjølv bu på eigedomen.
- Det er ikkje fritak frå eigedomsskatt på fritidsbustadar og sekundærbustadar.
- Retningslinjene skal evaluerast etter eit år for å sjå kva effekt dei har, og kor godt dei treff målgruppa. Det skal spesielt belysast kor mange søknadar som vert innvilga etter individuell vurdering.

Det er mogleg å søke sjølv om desse retningslinjene ikkje er oppfylt.
Søknadar som ikkje oppfyller retningslinene, men som likevel kan oppfylle lova sine vilkår for fritak, vil verte handsama av formannskapet.

Jamfør eigedomsskattelova § 28 så gjeld vedtekne fritak berre for eit år, og det må søkast på nytt kvart år.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 62/26

Ørsta kommunestyre vedtek å oppretthalde retningslinjer for fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 28 slik dei vart vedtekne i 2024:

- Husstandar med ei samla brutto årsinntekt lågare enn 3G (folketrygda sitt grunnbeløp x 3) ved siste skattemelding, kan søke om fritak. Som inntekt reknast løn, pensjonar, renteinntekter, aksjegevinstar mm.
- Bur det fleire enn søkjar i bustaden vil desse vert rekna med som ein del av hustanden og deira bruttoinntekt vert lagt saman med søkjar si brutto inntekt.
- Eventuell inntekt frå leigebuar vert rekna som inntekt for søkar.
- For einslege forsørgarar kan samla brutto årsinntekt vere opptil 3,5G ved siste skattemelding.
- Viss husstanden sine samla bankinnskot er større enn 1G (folketrygda sitt grunnbeløp), vert det ikkje gitt fritak frå eigedomsskatt. Dette gjeld berre for personar over 18 år med inntekt.
- Søkar må sjølv bu på eigedomen.
- Det er ikkje fritak frå eigedomsskatt på fritidsbustadar og sekundærbustadar.
- Retningslinjene skal evaluerast etter eit år for å sjå kva effekt dei har, og kor godt dei treff målgruppa. Det skal spesielt belysast kor mange søknadar som vert innvilga etter individuell vurdering.

Det er mogleg å søke sjølv om desse retningslinjene ikkje er oppfylt.
Søknadar som ikkje oppfyller retningslinene, men som likevel kan oppfylle lova sine vilkår for fritak, vil verte handsama av formannskapet.

Jamfør eigedomsskattelova § 28 så gjeld vedtekne fritak berre for eit år, og det må søkast på nytt kvart år.

## PS 80/26 Oppmoding om å opprette  kommunekomitè for TV-aksjonen 2026

### Vedtak:
Formannskapet vel følgjande:
1. Per Are Sørheim, leiar
2. Marthe Drabløslid, medlem frå levekårsutvalet
3. Sigrun Viktoria Søvik Mårstøl, medlem frå ungdomsrådet
4. Are Folkestad, medlem
5. Per Ivar Lied, medlem

Kommunedirektøren v/dagleg leiar Ørstahallen og Frivilligsentralen er sekretær

### Behandling:
Levekårsutvalet har valt medlem til komiteen , foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet Marthe Drabløslid

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 6/9/2026**
**For:** 29 stemmer (97%) - Ap 5, FRP 8, H 6, KrF 1, SP 5, SV 3, V 1
**Mot:** 1 stemme (3%) - KrF 1
Stemmer:
Roger Vartdal (KrF)

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Formannskapet vel følgjande:
1. ……………..., leiar
2. ………………..., medlem frå levekårsutvalet
3. …………………, medlem frå ungdomsrådet
4. …………………,
5. …………………,

Kommunedirektøren v/dagleg leiar Ørstahallen og Frivilligsentralen er sekretær

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 61/26

Formannskapet vel følgjande:
1. Per Are Sørheim, leiar
2. ………………..., medlem frå levekårsutvalet
3. …………………, medlem frå ungdomsrådet
4. Are Folkestad, medlem
5. Per Ivar Lied, medlem

Kommunedirektøren v/dagleg leiar Ørstahallen og Frivilligsentralen er sekretær

## PS 81/26 Endre dato for kommunestyremøtet i september

### Vedtak:
Ørsta kommunestyre flyttar kommunestyremøtet 17. september til 10. september 2026.

### Behandling:

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Opprinnelig forslag**
**For:** 29 stemmer (97%) - Ap 5, FRP 8, H 6, KrF 2, SP 4, SV 3, V 1
**Mot:** 1 stemme (3%) - SP 1
Stemmer:
Per Ivar Lied (SP)

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Ørsta kommunestyre flyttar kommunestyremøtet 17. september til 10. september 2026.

## PS 82/26 Interpellasjonar

### Vedtak:

**Underliggande sak:**

| Saksnr. | Tittel |
|---|---|
| 03/26 | Interpellasjon - Åmbøen og tilbakeføring av areal frå kommunal fyllplass til landbruksjord i produksjon |
| 04/26 | Interpellasjon - Flagging 5. august |

### Behandling:

## IP 03/26 Interpellasjon - Åmbøen og tilbakeføring av areal frå kommunal fyllplass til landbruksjord i produksjon

### Vedtak:

### Behandling:

Orførar leste opp svar. Anne Stine Foldal Aam (SP) kommenterte svaret.

## IP 04/26 Interpellasjon - Flagging 5. august

### Vedtak:

### Behandling:

Ordførar leste opp svar. Synnøve Marie Sætre (SV) kommenterte svaret.

## PS 83/26 Grunngjeve spørsmål

**Vedtak:**

**Underliggande sak:**

| **Saksnr.** | **Tittel** |
|---|---|
| 04/26 | Grunngjeve spørsmål - Bekkekvernanlegget ved Skorgeelva - tilsyn og vedlikehald |

**Behandling:**

## GS 04/26 Grunngjeve spørsmål - Bekkekvernanlegget ved Skorgeelva - tilsyn og vedlikehald

**Vedtak:**

**Behandling:**

Ordførar leste opp svar.

# PS 84/26 Plan for omstilling

**Vedtak:**

1. Kommunestyret tek utviklings- og omstillingsplanen for Ørsta kommune 2026–2040 til vitende som ramme for vidare arbeid.
2. Kommunestyret sluttar seg til at omstillingsarbeidet skal ha to spor: kortsiktige tiltak med effekt i 2026 og økonomiplanperioden 2027-2030, og langsiktige omstillingsgrep fram mot 2040.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren prioritere tiltak som gir driftsbalanse og meir berekraftige tenester.
4. Tiltak som krev politiske vedtak, skal leggjast fram som eigne saker før iverksetting.
5. Kommunestyret ber om jamleg rapportering om framdrift, økonomisk effekt, risiko og behov for politiske avklaringar.

**Oversendingsframlegg:**

**Utviklingsplan**

- Innbyggarar skal bu heime lengst mogleg. Arbeidet med å forsterke heimebaserte teneste må prioriterast. Det vil forebygge meir omfattande tenester. Det gjer at ein kan ta i mor fleire utskrivingsklare pasientar. (kr 400 000 i 2026 – mot nesten 0 tidlegare)
- Vedteken (2024)  innsatstrapp/kvalitetsstandard må settast i drift. Det gir innbyggarane og tilsette god oversikt over tenestene, kvar dei kan få og når
- Meir kapasitet i dagtilboda. Det gir innhald i kvardagen for den enkelte og avlastar familiane. Eit dagtilbod vil utsette/forebygge behov for sjukeheimsplass – dersom det let seg gjere noko den medisinske statusen vil avgjere – og dermed frigjere rom på sjukeheimane?
- Betre kartlegging av behovet i kommunen – vi har dei innbyggarane vi har!

**System**

- Årsturnus må fullførast på alle avdelingar (gi hjelp til dei som ikkje har kome i gang)
- Heiltidskultur gir ei inntekt å leve av og styrkar bemanninga
- Oppgåvefordeling heilt sentralt og må fullførast
- Samarbeid med brukarane, pårørandeforeiningane, organisasjonar
- Tydeleg plan for rekruttering av nye innan helse, omsorg og velferd, - og behalde dei vi har

**Formålstenleg samordning**

Sjukeheimane er heimen til ein del av innbyggarane våre. Å samlokalisere sjukeheim og bufellesskap i same bygg eller institusjon, er høgst formålstenleg. Det gir stordriftsfordelar, betre fagmiljø og lettare pasientflyt når pleiebehovet endrar seg. Bebuarane kan flytte frå ein omsorgsbustad til ein sjukeheimsplass i same bygg utan å måtte bryte nettverket sitt eller forlate eit kjent miljø. Det gir tryggheit. Felles nattevakt-team, kjøkken, mindre administrative ressursar – meir til omsorg og pleie. Vi ser ikkje at reindyrking av teneste blir heilt formålstenleg.

**Det blir viktig at rapporteringen av tiltakene blir gitt løpende til de politiske organ. Tvil om effekt og fremdrift blir raskt til misnøye og tvil både hos innbyggerne og fra oss politikerne.**

1. **Alle tiltak skal ha eit definert mål**
   a. Kva skal tiltaket oppnå?
   b. Kor stor økonomisk effekt er venta? På kort og lang sikt, inkludert investeringer som forventes i eksempel ved å behold gamle bygg. Drift er en ting, kommende pålagte kostnader må også med for alle tiltak. Ikke minst strukturelle.
   c. Når skal effekten vere oppnådd?

2. **Alle tiltak skal ha konkrete måleindikatorar**
   Til dømes:
   a. Innsparte kroner
   b. Reduksjon i årsverk
   c. Reduksjon i sjukefråvær
   d. Reduksjon i bruk av vikarbyrå
   e. Reduksjon i bygningskostnader
   f. Eventuelle konsekvensar for tenestekvalitet
3. **Kommunestyret skal få jamlege statusrapportar**
   Rapportane bør vise:
   a. Planlagt effekt
   b. Faktisk oppnådd effekt
   c. Avvik
   d. Risiko for manglande måloppnåing
   e. Behov for korrigerande tiltak
4. **Tiltak som ikkje gir forventa effekt må vurderast på nytt**
   Omstilling handlar ikkje om å vedta flest mogleg tiltak. Det handlar om å oppnå varig økonomisk berekraft. Tiltak som ikkje verkar, må justerast eller erstattast.

Ørsta kommune har ikkje lenger økonomisk handlingsrom til å gjennomføre tiltak utan å vite om dei gir resultat. Skal vi lykkast med omstillinga, må vi gå frå gode intensjonar til **systematisk måling av effekt, open rapportering og tydeleg ansvar for gjennomføring**. For å bete kontrollen på effekta av innsparing må vi få eit betre verkty for å sjå at budsjett og resultat blir følgd på ulike avdelingar ned på avdelingsnivå.

## Behandling:

Moment til utviklingsplanen , foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet

**Oversendingsframlegg**

**Utviklingsplan**

- Innbyggarar skal bu heime lengst mogleg. Arbeidet med å forsterke heimebaserte teneste må prioriterast. Det vil forebygge meir omfattande tenester. Det gjer at ein kan ta i mor fleire utskrivingsklare pasientar. (kr 400 000 i 2026 – mot nesten 0 tidlegare)
- Vedteken (2024)  innsatstrapp/kvalitetsstandard må settast i drift. Det gir innbyggarane og tilsette god oversikt over tenestene, kvar dei kan få og når
- Meir kapasitet i dagtilboda. Det gir innhald i kvardagen for den enkelte og avlastar familiane. Eit dagtilbod vil utsette/forebygge behov for sjukeheimsplass – dersom det let seg gjere noko den medisinske statusen vil avgjere – og dermed frigjere rom på sjukeheimane?
- Betre kartlegging av behovet i kommunen – vi har dei innbyggarane vi har!

**System**

- Årsturnus må fullførast på alle avdelingar (gi hjelp til dei som ikkje har kome i gang)
- Heiltidskultur gir ei inntekt å leve av og styrkar bemanninga
- Oppgåvefordeling heilt sentralt og må fullførast
- Samarbeid med brukarane, pårørandeforeiningane, organisasjonar
- Tydeleg plan for rekruttering av nye innan helse, omsorg og velferd, - og behalde dei vi har

**Formålstenleg samordning**

Sjukeheimane er heimen til ein del av innbyggarane våre. Å samlokalisere sjukeheim og bufellesskap i same bygg eller institusjon, er høgst formålstenleg. Det gir stordriftsfordelar, betre fagmiljø og lettare pasientflyt når pleiebehovet endrar seg. Bebuarane kan flytte frå ein omsorgsbustad til ein sjukeheimsplass i same bygg utan å måtte bryte nettverket sitt eller forlate eit kjent miljø. Det gir tryggheit. Felles nattevakt-team, kjøkken, mindre administrative ressursar – meir til omsorg og pleie. Vi ser ikkje at reindyrking av teneste blir heilt formålstenleg.

Rapportering, foreslått av Sven Castberg, Høgre
**Det blir viktig at rapporteringen av tiltakene blir gitt løpende til de politiske organ. Tvil om effekt og fremdrift blir raskt til misnøye og tvil både hos innbyggerne og fra oss politikerne.**

1. **Alle tiltak skal ha eit definert mål**
    a. Kva skal tiltaket oppnå?
    b. Kor stor økonomisk effekt er venta? På kort og lang sikt, inkludert investeringer som forventes i eksempel ved å behold gamle bygg. Drift er en ting, kommende pålagte kostnader må også med for alle tiltak. Ikke minst strukturelle.
    c. Når skal effekten vere oppnådd?
2. **Alle tiltak skal ha konkrete måleindikatorar**
   Til dømes:
    a. Innsparte kroner
    b. Reduksjon i årsverk
    c. Reduksjon i sjukefråvær
    d. Reduksjon i bruk av vikarbyrå
    e. Reduksjon i bygningskostnader
    f. Eventuelle konsekvensar for tenestekvalitet
3. **Kommunestyret skal få jamlege statusrapportar**
   Rapportane bør vise:
    a. Planlagt effekt
    b. Faktisk oppnådd effekt
    c. Avvik
    d. Risiko for manglande måloppnåing
    e. Behov for korrigerande tiltak
4. **Tiltak som ikkje gir forventa effekt må vurderast på nytt**
   Omstilling handlar ikkje om å vedta flest mogleg tiltak. Det handlar om å oppnå varig økonomisk berekraft. Tiltak som ikkje verkar, må justerast eller erstattast.

Ørsta kommune har ikkje lenger økonomisk handlingsrom til å gjennomføre tiltak utan å vite om dei gir resultat. Skal vi lykkast med omstillinga, må vi gå frå gode intensjonar til **systematisk måling av effekt, open rapportering og tydeleg ansvar for gjennomføring**.

**Omstilling**, foreslått av Odd Magne Vinjevoll, Framstegspartiet
For å bete kontrollen på effekta av innsparing må vi få eit betre verkty for å sjå at budsjett og resultat blir følgd på ulike avdelingar ned på avdelingsnivå.

Kommunedirektør orienterte om behov, plan og status for omstilling og utvikling i Ørsta kommune.

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Opprinnelig forslag**
**For:** 32 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 9, H 6, KrF 2, SP 6, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Kommunedirektøren si tilråding:**
1. Kommunestyret tek utviklings- og omstillingsplanen for Ørsta kommune 2026–2040 til vitende som ramme for vidare arbeid.
2. Kommunestyret sluttar seg til at omstillingsarbeidet skal ha to spor: kortsiktige tiltak med effekt i 2026 og økonomiplanperioden 2027-2030, og langsiktige omstillingsgrep fram mot 2040.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren prioritere tiltak som gir driftsbalanse og meir berekraftige tenester.
4. Tiltak som krev politiske vedtak, skal leggjast fram som eigne saker før iverksetting.

5. Kommunestyret ber om jamleg rapportering om framdrift, økonomisk effekt, risiko og behov for politiske avklaringar.

## PS 85/26 Skårelva kraftverk

### Vedtak:

**Forslag til utgreiing:**

- Kan kommunen ta initiativ til at anleggsvegen kan få løyve til å bestå og brukast vidare jf grunneigarane sine behov etter at kraftverket er ferdig bygd?
- Anleggsvegen består til vi får kartlagt korleis evt. endringar kan gjerast, prosess i plan og bygningslova eller forskrift om landbruksveg?

### Behandling:

Skårabakkane og vilkår for bruksveg, foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet

**Forslag til utgreiing:**

- Kan kommunen ta initiativ til at anleggsvegen kan få løyve til å bestå og brukast vidare jf grunneigarane sine behov etter at kraftverket er ferdig bygd?
- Anleggsvegen består til vi får kartlagt korleis evt. endringar kan gjerast, prosess i plan og bygningslova eller forskrift om landbruksveg?

Rune Hovde fremja spørsmål om sin gildskap, då han er styremedlem i Tussa. Han vart kjend ugild.
29 røysteføre.

**Votering nr 1** - Votering over forslag
Forslag: **Skårabakkane og vilkår for bruksveg**
Karen Høydal (Ap)
**For:** 29 stemmer (100%) - Ap 5, FRP 8, H 5, KrF 2, SP 5, SV 3, V 1
**Mot:** 0 stemmer (0%)

## SK 03/26 Spørsmålskvarter

### Behandling:

**Lukking av brannavvik på Ørstaheimen inkludert 3. etasje, foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet.**

Interpellasjon frå Ørsta Arbeidarparti vart sendt i god tid til kommunestyret 26. februar, sak 17/26. Behandling av interpellasjonen vart utsett til kommunestyremøtet 30. april. I svaret frå ordførar står det at det vert sak 30. april – som frå talarstolen vart korrigert til sak i kommunestyremøtet 18. juni. Kan ikkje sjå at saka står på saklista?

Kva er status?
Kva dialog har det vore med Husbanken i denne saka?

**Vartdal skule, foreslått av Tore Thon, Framstegspartiet**

Vi ber ordfører gi en oversikt over vedlikeholdstiltak som skal gjøres på Vardal skole og som blir utført under normal drift. Oppgi rekkefølge på utbedringene og når de blir utført.

**Salg kommunale eigedommar, foreslått av Tore Thon, Framstegspartiet**

Avhending av eiendom har alltid stått høyt på prioritert liste, men praksis har vist veldig liten framdrift. Vi ber om status. Hva som er til salgs og som er lyst ut per i dag, og hvor mange eiendommer har Ørsta Kommune solgt i 2026.

**Antall tilsette i Ørsta kommune, foreslått av Tore Thon, Framstegspartiet**

Personal er den største ressursen til Ørsta kommune, men også den største utgiftsposten. Antall tilsette skal reduseres, fortrinnsvis ved naturlig avgang. Hvor mange årsverk var det i Ørsta kommune 1.1.2025, 31.12.2025 og per 9.juni 2026? Hvor mange tilsette er det budsjettmessig dekning for å ha per 31.12.2026?

**Inntekter øvingsanlegget Melsgjerdet, foreslått av Tore Thon, Framstegspartiet**

Investering i brannøvingsanlegg på Melsgjerdet skal gi gode inntekter. Hvor mye har vi hatt av inntekter per dags dato, og hva forventer vi av inntekter ut 2026?

**Korleis kan vi auke ungdomsengasjementet?, foreslått av Hjørdis Almelid Vikenes, Kristeleg Folkeparti**

Gode politikarkollegaar i alle parti!
Vi har også tidlegare i kommunestyret i Ørsta ved fleire høve snakka om korleis vi alle kan vere med og auke ungdomsengasjementet i Ørsta. Snart skal alle partia ha nominasjonsmøte og få på plass kandidatar til kommune- og stortingsvalet neste år. Nokre parti har allereie starta den prosessen og bestemt seg for kven som skal stå på toppen av lista neste år.

Uansett treng vi at ungdomane våre engasjerer seg i politikk framover, viss ikkje får vi truleg mindre aldersspenn i kommunale og regionale vedtaksorgan i åra som kjem. Vi treng at ungdomane vert medlemer av politiske parti, for det er berre medlemer som kan vere med og nominere sine partifeller på nominasjonsmøta. Påstanden min er difor at dei forholdsvis på personane i Noreg sitt landstrakte land som møter på nominasjonsmøte er dei som har mest politisk makt når det gjeld utvelgingane av politikarar til listene våre.

Kan vi t.d. invitere nokre ungdomspolitikarar frå ulike parti, som kan komme til Ørsta og seie noko om kvifor dei har engasjert seg i politikken? Kvifor er det viktig at ungdomar entrar den

politiske bana? Skal framtidas unge velgje vekk det å kunne bestemme over eiga framtid og ikkje ha representantar som er på deira alder som kan vere talerør for dei?

Her kan alle som pt sit i kommunestyret i Ørsta vere med og gjere noko for ungdomane våre, og når vi alle tenkjer i lag, kjem vi truleg fram til noko som er betre enn om eit og eit parti legg opp til eigne arrangement.

Kan til dømes alle gruppeleiarane ta dette med gruppene sine, og så oppsummere til kvarandre og så sjå om det eventuelt er mogleg å få til eit ungdomsmøte tidleg på hausten?

**Kva gjorde at "VM-skjenkinga" vart ei hastesak og ikkje ei prinsipiel sak?, foreslått av Hjørdis Almelid Vikenes, Kristeleg Folkeparti**

Då eg spurte Ørsta kommune om høyringssaka, altså om ev endring av den lokale alkoholplanen, skulle til formannskapet i starten av juni, sidan saka ikkje stod på sakskartet før møtet, fekk eg beskjed om at ho i alle fall skulle til kommunestyret no i juni
Dette er noko heilt nytt at ein har såkalla "VM-skjenking" nattestid i Noreg. Altså eit nytt prinsipp, fordi ein no har eit landslag som har komme seg til VM-spel. Prinsippsaker kan vel ikkje vere hastesaker? Kva var det som skjedde her? Og kva skjer om kommunestyret i dag seier nei til vidare skjenking på nattestid under VM?

**Svar på spørsmål**

**Lukking av brannavvik på Ørstaheimen inkludert 3. etasje - Karen Høydal (AP)**

Status er at administrasjonen ikkje har hatt kapasitet til å få fram saka til kommunestyret sitt møte 18. juni. Prosjektet stansa mellombels opp då prosjektleiar gjekk over i ein annan jobb, utanfor kommunen. Samtalane med entreprenør er tekne opp att med tanke på endelege avklaringar og kostnadskalkylar. Kommunedirektøren vil legge fram sak om å auke ramma for å dekke avsetting til usikkerheit. Planen er å be om at det vert omdisponert midlar frå andre investeringspostar, slik at ein unngår å auke investeringane, samla sett.

Det har ikkje vore dialog med Husbanken i denne saka etter at prosjektleiaren slutta. Dialogen vil verte teken opp att i samband med utarbeiding av sak til kommunestyret.

**Vartdal skule - Tore Thon (FrP)**

Viser til artikkel i MN om vedlikehaldsetterslep.
Stramme drift- og investeringsbudsjett er hovudårsaka til vedlikehaldsetterslepet.

På Vartdal skule er der ikkje planlagt større vedlikehaldstiltak i næraste framtid. Men mykje av det som er vist til i artikkelen er mindre vedlikehald som kan takast i den daglege drifta. Sjå punkta nedanfor.
Kommunen arbeider no med ein vedlikehaldsplan, og vedlikehaldsetterslepet er no registrert i FDV-systemet FAMAC.

Vartdal skule - oversikt over status og planlagde utbetringar som blir utførte under normal drift og i sommarferien:

- **Takrenner:** Laus skøyt på takrenna er allereie utbetra og på plass. Neste generelle reins av sluk og takrenner ligg inne som eit planlagt tiltak Famac med frist 11. juli.
- **Murvegg ved inngangsparti:** Skadane på murveggen vil verte reparerte i løpet av sommaren når skulen er stengd, for å unngå forstyrringar i skulekvardagen.

- **Fasadevask:** Fasadevask vert utført når skulen er stengd.
- **Basseng:** Det skal gjerast tiltak på sjølve bassengkroppen. Dette inneber å rive laus betong og behandle den eksponerte armaturen på undersida av bassenget for å sikre og forlenge den vidare drifta.
- **Vindauge:** Utskifting av vindauge er eit større økonomisk spørsmål som krev harde prioriteringar i budsjetta framover, og dette må vurderast opp mot andre presserande behov i kommunen.
- **Generelt:** Elles blir det kontinuerleg utbetra belysning som sviktar, slukar som er tette, feil på el-anlegg avdekt i internkontroll og liknande. Avvik og manglar som vart trekte fram i artikkelen i Møre-Nytt er enten allereie utbetra, eller så blir dei handterte i løpet av sommaren.

**Salg kommunale eigedommar - Tore Thon (FrP)**
Ordførar viser til informasjon gitt tidlegare i dag om tomte og bustadsal.

**Antall tilsette i Ørsta kommune - Tore Thon (FrP)**
01.01.2025 = 880 tilsette
01.01.2026 = 860 tilsette

**Inntekter øvingsanlegget Melsgjerdet - Tore Thon (FrP)**
Anlegget er ikkje fullt operativt. Ombygginga av konteinarane har teke lenger tid enn planlagt. Vi ventar framleis på nokre delar til gassfyringsanlegget. Delane måtte spesiallagast i Tyskland fordi vi treng høgare effekt enn det som er normalt.

Framover skal vi bli godt kjende med anlegget gjennom interne øvingar. Deretter startar vi kommersiell drift med kurs og øvingar. Vi er i gang med å søke om å få halde eit grunnkurs for brannkonstablar rett etter nyttår. Kursplanen må godkjennast av brannskulen.

**Korleis kan vi auke ungdomsengasjementet? - Hjørdis Almelid Vikenes (KrF)**
Ordførar støttar engasjementet.

**Kva gjorde at "VM-skjenkinga" vart ei hastesak og ikkje ei prinsipiel sak? - Hjørdis Almelid Vikenes (KrF)**
Svart ut under PS 70/26